



KOPI

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2954 - 18/14110

Saksbehandlar:  
Jostein Klette  
jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:  
11.07.2018

## Vedtak - Mindre endring kommuneplanen sin arealdel 2011-2023

**Administrativt vedtak. Saknr: 007/18**

### Vedtak

Osterøy kommune vedtek mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-15. Plankart og føresegn vert med dette like i juridisk innhald for kommuneplanen sin arealdel arealplanID 12532010001 og kommunedelplan for sjø- og strandsone arealplanID 12532014007. Vedtaket erstatter Heradstyret sitt vedtak, saksnr 014/18, datert 21.02.2018.

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Mindre endring av kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 var ute til høyring i perioden 14.03 - 09.05.2016. Vedtak av endring vart gjort av heradstyret i sak nr 014/18 den 21.02.2018, jf. vedlegg. I vedtaket skulle det ligge ved føresegner til kommuneplanen sin arealdel, der føresegner til kommunedelplan for sjø- og strandsone var innarbeida slik at beslutningsgrunnlaget vart likt for kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanen for sjø- og strandsone.

Vedlegget med føresegner var feil versjon slik at desse ikkje var i samsvar med det som var føresegner for kommunedelplan for sjø og strandsone. For at kommuneplanen og kommunedelplanen skal vera i samsvar må det fattast eit nytt vedtak slik at vedlegga er i samsvar med vedtaket som vart fatta i heradstyret 21.02.2018.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement, vedtatt i heradsstyret 16.06.2018. Her er det i punkt 2 vist til at:

«2. *Delegering av mynde etter plan- og bygningslova 2008 til rådmannen, jf. kommunelova § 23, nr.*

4:

- *Mindre endringar i kommuneplanen, jf. 11-17»*

## Prosess

Vedtaket vert fatta administrativt i henhald til delegasjonsreglementet, siden det er vurdert at dette er ei feilretting og ikkje er av politisk eller prinsippielt karakter.

Vedtaket har ikkje vore sendt på høyring. Dette er fordi endringa har vore på høyring og vedtaket har vore sendt til klagehandsaming til offentlege styresmakter og varsla i lokalavis og gjennom heimeside. Det har ikkje kome inn nokon merknadar til endringa. I tillegg har føresegnene i kommunedelplanen vore gjennom ein omfattande prosess der det ikkje er komen inn merknadar frå offentlege styresmakter. Nytt vedtak vil ikkje medføre endringar ut over det som ligg i gjeldande vedtak. På den bakgrunn er det vurdert at innhald og verknadar av vedtaket er tilstrekkeleg kunnngjort.

## Verknad

Dette vedtaket er ei korrigering av ein feil som låg ved vedtaket fatta i heradsstyret 21.02.2018. Feil vedlegg er no erstatta av korrekte føresegner. Det er ikkje gjort nokon endringar i føresegnene. Dette nye vedtaket gjer at føresegnene i kommuneplanen sin arealdel vert lik kommunedelplan for sjø og strandzone, slik intensjonen var i vedtaket til heradsstyret. Det er ikkje gjort endringar ut over dette. Vedtaket vil ikkje ha verknadar ut over det som gjeldande vedtak har.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Jostein Klette  
planleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

VEDLEGG 3 HS VEDTAK 210218  
VEDLEGG 2 FØRESEGNER\_KPA\_11072018  
VEDLEGG 1 KOMMUNEPLAN KÅRT

**Kopi til:**

Fiskeridirektoratet - Region vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens Vegvesen region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

**Mottakar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------

KOPPI